

ÅRSRAPPORT

RIKSTEATRET

2015

DEL I. LEDERS BERETNING

ET ÅR I ENDRING

I en virksomhet som Riksteatret må vi ha både endringsvilje og omstillingsevne. I kunstens verden er jo nybrott synonymt med kvalitet, slik viljen til nytenkning er en grunnforutsetning for alt skapende arbeid. Og for et turnerende teater, med tilpasning til nye steder og nye omstendigheter hver eneste kveld, er det evnen til omstilling som er hverdagen - det er det som er faget.

I så måte skulle Riksteatret være godt skikket til å takle alle endringene som kom til å prege 2015.

Men samlet sett ble utfordringene gjennom året atskillig større enn noen hadde forutsett. Det har krevet en både solid og uredd innsats i alle ledd i organisasjonen.

I et år med overgang mellom to teatersjefer, ville dette normalt vært den viktigste endringen. Men jeg tror det må være lov å si at den kanskje ble den minst dramatiske. For det første hadde Ellen Horn stått i jobben de to åremålene regelverket tillater, og hun etterlot seg et teater i førsteklasses stand, med et godt omdømme og solide resultater. For det andre var jeg som etterfølger svært godt kjent med Riksteatrets rolle og oppdrag, og jeg hadde ingen ønsker om radikale omlegninger. *Det beste for de fleste* - dette var mottoet jeg satte for min periode som teatersjef, og da vi ved inngangen til 2016 hadde ferdigstilt Riksteatrets strategidokument for de kommende fem år og gjorde mottoet til strategiens visjon, representerte det i realiteten ikke annet enn en skjerping av gjeldende profil.

Nei, dramatikken kom fra annet og ganske uventet hold.

Den største overraskelsen var reduksjonen i vår økonomiske ramme. Med en realnedgang på over 4 millioner, som teatret overhodet ikke hadde fått noe forvarsel om, og som først ble bekreftet i stortingets vedtak senhøstes 2014, måtte budsjettet for året endres radikalt, nærmest på overtid. Og den øvelsen måtte gjøres én gang til innen året var omme, da vi fikk nyheten om en ytterligere reduksjon i statsbudsjettet for 2016. Slik kom 2015 til å stå i den store økonomiseringens tegn. For en virksomhet som allerede gjennom flere år hadde rasjonalisert og effektivisert, sier det seg selv at dette ble krevende.

I tillegg ga ikke vårsesongen, som var min forgjengers siste, de budsjetterte resultater. Med en publikumssvikt på over 30% hadde vi plutselig fått en betydelig svekket budsjettprognose, og det ble nødvendig å stille seg spørsmålet: kan vi tåle en risikoprofil som planlagt for høsten? Under omstendighetene var det min vurdering at det kunne vi ikke. Følgelig måtte repertoaret for høsten 2015, som da var mitt første som teatersjef, endres. Den utfordringen må jeg til gjengjeld si at hele organisasjonen svarte på med glans. Riksteatrets egenart tilsier en planleggingshorisont betydelig lenger enn de stasjonære teatrenes. Desto mer imponerende, derfor, at vi evnet å snu oss så raskt rundt at vi endte med et totalbesøk og en inntekt for året svært nær opprinnelig budsjett.

I 2015 ble det også truffet endelig beslutning om fornyelse av leiekontrakt og en omfattende modernisering og ombygging av våre lokaler i Nydalen i Oslo. Dette var en avgjørelse som òg ble truffet på overtid, og den usikkerheten som prosjektet har vært omfattet med, ble en betydelig belastning. Og da klarsignal til slutt ble gitt, medførte det at vi ved utgangen av året var på vei over i midlertidige lokaler, parallelt med et intensivt arbeid med sluttprosjektering av rehabiliteringen, i samarbeid med Rikskonsertene, uten at endelig finansiering av byggekostnader og økt husleie var avklart.

Mot denne bakgrunnen er det en desto større glede å kunne konstatere at vi gjennom hele året har levert oppsetninger av ypperste merke.

Ellen Horn avsluttet sin sjefstid med flere kunstneriske seire. Særlig oppmerksomhet vakte *Natten er dagens mor*, i samproduksjon med Nationaltheatret, som også mottok flere Hedda-nominasjoner, og den originale og ambisiøse ungdomsforestillingen *Peer, du lyver!*, som også fikk en Hedda-nominasjon, men som ikke nådde sitt publikumspotensial, hovedsakelig fordi det fortsatt ikke eksisterer noe opplegg for organisert skolebesøk på kulturhusene.

Fra mitt åpningsrepertoar vil jeg fremheve *Samfunnets støtter*, som med sitt store og frodige rollegalleri og sin lekne tilnærming både til Ibsen og til aktuelle temaer, var ment som og også innfridde som en signalproduksjon. I tillegg representerte *Pinocchio* et signal om mitt ønske om en fortsatt og styrket satsning på forestillinger for et barne- og familiepublikum, mens den innkjøpte oppsetningen med Are Kalvø ble det kvalitetstilbudet til et virkelig bredt publikum som hensikten var.

Målt med de strengeste mål er det selvfølgelig også mye vi ikke nådde så langt med som vi håpet, som fikk en annen form enn forutsatt eller som kanskje burde vært tenkt annerledes. Det ligger i kunstens natur: den risikoen er også forutsetningen for suksess. Men under ellers krevende omstendigheter har vi ikke rensert på kravet til kvalitet i det vi produserer, og heller ikke på bredden.

All usikkerhet til tross var det derfor et ytterst livskraftig Riksteater som gikk inn i 2016.

A handwritten signature in black ink, reading "Tom Remlov." The signature is written in a cursive, flowing style.

Tom Remlov
Riksteatersjef

DEL II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Tekstomtalen er kortfatta, og endringar, nye tiltak og særlege satsingar er framheva.

I tildelingsbrevet til Riksteatret for 2015 er målet for verksemdene skildra slik:

Det overordnede målet for bevilgningene til kulturformål er å bidra til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av høy kvalitet og fremme kunstnerisk utvikling og fornyelse. I et kontrastrikt og mangfoldig samfunn er det viktig å legge til rette for og fremme en stor bredde av stemmer og tilbud. Kulturtilbud med offentlig støtte må derfor være allment tilgjengelige, slik at de som ønsker det gis mulighet til å delta i og oppleve et mangfoldig kulturliv.

Målene for bevilgningene til scenekunstformål i 2016 er å legge til rette for produksjon, formidling og etterspørsel av ulike scenekunstuttrykk, jf. Prop. 1 S (2015–2016).

Riksteatret er statens underliggende virksomhet på scenekunstmrådet, og skal innenfor de målsettinger, rammer og ressurser som til enhver tid er fastsatt av departementet, tilby profesjonell scenekunst i hele landet og supplerer slik det øvrige scenekunsttilbudet. Riksteatret har som formål å "fremja arbeidet med å føra dramatisk kunst ut til folket i bygd og by og på andre tenlege måtar å auke kjennskapen til god dramatisk kunst", jf. lov om Riksteatret av 13. desember 1948.

Mål

Følgande mål gjeld for Riksteatret i 2015:

1. Eit allsidig repertoar
2. Eit landsdekkande tilbod av scenekunstframsyningar
3. Brei publikumstilslutnad
4. Aktiv samarbeidspartnar i scenekunstheltet

Resultatmåla for 2015 er sett opp i samsvar med måla i tildelingsbrevet, og med dei styringsparametra Riksteatret har utarbeidd i samråd med Kulturdepartementet.

I Riksteatret sin strategiske plan for perioden 2016-2020 er den overordna målsettinga formulert slik:

Riksteatret er Noregs nasjonale turnéteater. Vi skal gjere scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet og stor spennvidde tilgjengeleg for publikum over heile landet. Riksteatret skal vere ein samlande og drivande kraft i samspelet mellom nasjonal og regional scenekunst.

Riksteatret turnerer i alle fylka i landet, og har samarbeidsavtalar med fleire enn 70 faste kulturhus. Vi besøker kvar spelestad minimum fire gongar i året, og viser eigenproduksjonar, der nokre er samarbeidsproduksjonar med andre teater, og innkjøpte framsyningar. Repertoaret vårt er allsidig, og inkluderer klassikarar, drama, musikk- og figurteater, framsyningar for born og unge og dans.

Aktivitet og publikumsbesøk på Riksteatret, nøkkeltal

	2014	2015	Budsjett 2016
Tal framsyningar	491	473	450
Tal produksjonar	14*	14**	10
Totalt publikum	107 489	101 063	120 000
Totalt publikum på turné	97 011	91 174	107 405
Publikum born og unge	43 365	43 854	50 212
Setebelegg	52,8%	50,8%	58,7%

* eksklusive 6 gjestespel i Nydalen

** eksklusive 4 gjestespel i Nydalen

Organisasjon

Riksteatrets administrasjons-, produksjons- og framsyningslokale ligg i Nydalen i Oslo.

Frå 1. oktober 2014 har ikkje Riksteatret eigen verkstad, men har felles verkstad med Nationaltheatret på Brobekk i Oslo.

Riksteatret har 80 fast tilsette. Total bemanning er ca. 112 årsverk. Det inkluderer ca. 40 årsverk som er summen av ulike engasjement, primært frilansande kunstnarar.

Den øvste leiinga i teateret:

Teatersjef Tom Remlov

Direktør Åse Ryvarden

Teknisk sjef Kristin Tunold-Hanssen

Produksjonssjef Ingvild Hellum


Turnésjef Pål Gjersum

Marknads- og kommunikasjonssjef Turid Nyeggen

Personal- og administrasjonssjef Arne Ueland

Økonomisjef John Bjarte Nordberg

Organisasjonskart



Nøkkeltal for Riksteatret for 2014 og 2015, samt budsjettal for 2016

	2014	2015	Budsjett 2016
Utgiftsløyving, brutto totalt	133 226	132 151	132 429
Inntektskrav	-22 600	-23 129	-23 800
Nettoløyving	110 666	109 022	108 629

	2014	2015	Budsjett 2016
Rekneskapsførte utgifter	140 647	133 355	133 483
Rekneskapsførte inntekter og refusjonar	-23 846	-21 583	-27 278
Rekneskapsførte nettoutgifter	116 801	111 772	106 205

	2014	2015	Budsjett 2016
Utgifter direkte knytta til prosjekta	64 163	60 594	64 507
Del prosjektutgifter i % av bruttokost	46%	45%	48%
Samla inntekter	23 846	21 583	27 278
Inntekter i % av bruttokostnad	17%	16%	20%
Snittbillettpris	186,-	176,-	181,-

DEL III. AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET OG RESULTAT

Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2015

2015 var eit år med mange endringar på Riksteatret. Teatersjef Ellen Horn gjekk av, og ny sjef Tom Remlov tok til i april 2015. Oppstarten vart krevjande; våren hadde eit svakt besøk, og det var naudsynt å gjere endringar alt frå hausten 2016. Samstundes var løyvinga frå Kulturdepartementet kutta, med ein effekt på over fire millionar. Desse forholda gjorde at arbeidet med ny startegi kom raskt i gang, og ein ny kurs vart staka ut. Den nye strategien gjeld frå 2016, og peikar framover på korleis Riksteatret skal vidareføre ein sterk posisjon som heile landets teater, med relevans og kvalitet i tilbodet sitt.

Repertoaret i 2015 hadde god breidde og stort mangfald, og inkluderte urpremierar, klassikarar, mykje fint barneteater og jamvel ein opera. Haustens store signaturproduksjon, *Samfunnets støtter*, som markerte starten på Tom Remlov sin periode, fekk mykje merksemd og gode kritikkar. Den vart eit flott startskot for visjonen *Det beste for dei fleste*. Hausten vart også mykje betre enn våren med omsyn til både inntekter og publikum, og totalt fekk teateret 101 063 besøk, på 473 framsyningar i 2015.

Mange ulike former for samarbeid sette òg sitt preg på 2015; med Den Norske Opera & Ballett (DNOB), Nationaltheatret, Oslo Nye Teater, Den Nationale Scene, Det Norske Teatret og CODA-festivalen var alle samarbeidspartnarar. Vi fekk gjennomgåande gode kritikkar, og endatil ein Hedda-nominasjon for *Peer, du lyver!*.

Vi besøkte alle dei faste spelestadene, og hadde ei jamt god fordeling av tilbodet over heile landet. Kontakten med arrangørane er tett og god, og saman med dei utvikla vi ein ny arrangørstrategi som tek omsyn til dei endringane dei har ønska. Målet er å bli meir fleksible og tilpassa kvar enkelt stad. Vi hadde to vellukka arrangørkonferansar med stor deltaking. Publikumstiltaket *Opplev meir* er vidareført i 2015, og nærare 30 000 publikummarar tok del i ei eller anna form for tilleggsaktivitet utover sjølve framsyninga.

Ressursbruken var effektiv, og Riksteatret brukar ein stor del av totalressursane på den kunstnarlege aktiviteten. Vi har god økonomisk kontroll, og kostnadene til drift fell stendig. I 2015 tok vi nytt produksjonsstyringsverktøy i bruk, *Riksplanen*, og vi ventar oss gode arbeidsvinstar av dette.

Fellesverkstaden med Nationaltheatret har vore gjennom sitt første driftsår, og eit spisskompetent fagmiljø kan etter kvart også levere til andre scenekunstinstitusjonar. Saman med Rikonsertane har vi utarbeidd planar for ombygging av Gullhaug torg 2b, og Kulturdepartementet har teikna kontrakt for nye 15 år med leige. I 2016 gler vi oss til å flytte inn i ferdig ombygd hus med høg brukarfunksjonalitet og auka samvirke med Rikskonsertane. I 2015 fekk vi nytt publikumsamfi i Store sal, og er no rusta til å gi eit betre tilbod for både kunstnarar og publikum. Riksteatret mottok også i 2015 mange gjestespel i Nydalen. Under følgjer omtale av dei fire hovudmåla, med konkrete resultat.

Resultat og måloppnåing

Scenestatistikk		2015
Forestillinger		
1.1.1	Totalt antall forestillinger	473
1.1.2	Antall forestillinger på egen scene/fast arena	473
1.1.3	Antall forestillinger på turné i Norge	410
1.1.4	Antall forestillinger i utlandet	0
1.1.5	Antall forestillinger rettet mot barn og unge	208
1.1.6	Antall transmisjoner	0
1.1.8	Antall forestillinger formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken	0
Produksjoner		
2.1.1	Totalt antall produksjoner	18
2.1.2	Antall egne produksjoner	5
2.1.3	Antall samproduksjoner	9
2.1.4	Antall mottatte gjestespill	4
2.1.5	Antall produksjoner rettet mot barn og unge	5
2.1.6	Antall urframføringer	3
2.1.7	Antall produksjoner av norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater skrevet i løpet av de siste 15 år	8
2.1.8	Antall produksjoner av utenlandsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater skrevet i løpet av de siste 15 år	1
2.1.9	Antall produksjoner med norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater rettet mot barn og unge	2
2.1.10	Antall produksjoner av ny norsk koreografi	2
2.1.11	Antall produksjoner av ny utenlandsk koreografi	0
Publikum		
3.1.1	Totalt antall publikum	101 063
3.1.2	Antall publikum på billetterte arrangement	101 063
3.1.2.1	Herav fribilletter	14 459
3.1.2.2	Herav sponsorbilletter	4 086
3.1.3	Antall publikum på egen scene/fast arena	101 063
3.1.4	Antall publikum på turnéforestillinger i Norge	91 174
3.1.5	Antall publikum i utlandet	0
3.1.6	Antall publikum på egenproduserte produksjoner	48 907
3.1.7	Antall publikum på samproduksjoner	48 793
3.1.8	Antall publikum på mottatte gjestespill	3 363
3.1.9	Antall publikum på forestillinger rettet mot barn og unge	43 854
3.1.10	Antall publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken - grunnskolen.	0
3.1.11	Antall publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken - videregående skole	0

Scenestatistikken er den felles rapporteringsmalen som heile scenekunstheltet brukar. Tala viser Riksteatret si rapportering for 2015, og desse tala er grunnlaget som går inn i totalrapporteringa frå Norsk teater- og orkesterforening til Kulturdepartementet. Det er gjort nokre metodiske justeringar i rapporten for 2015 og nokre av tala er derfor ikkje samanliknbare med historiske tal. Det vil vere avvik mellom rapporten som vist her, og tala som er rapportert i det elektroniske arket til Scenestatistikk.no, ettersom tellemåten for samarbeid er ulik. For publikumsstatistikk for 2013 og 2014 sjå vedlegg 1.

Mål 1. Eit allsidig scenekunstrepertoar

Mål 2. Eit landsdekkande tilbod av scenekunstframvisningar

Mål 1: Et allsidig scenekunstrepertoar			
#	Styringsparameter	Resultatmål	Resultat
SP1	Antall produksjoner	10-12	14
SP2	Antall egne produksjoner	5-8	10*

*Som eigenproduksjon tel alle produksjonar som ikkje er innkjøpt.

Mål 2: Et landsdekkende tilbud av scenekunstforestillinger			
#	Styringsparameter	Resultatmål	Resultat
SP1	Antall forestillinger totalt	430	471
SP2	Antall forestillinger på turné	400	410
SP3	Antall spillesteder	65-70	71

Det er føremålstenleg å omtale disse to måla samla, sidan dei grip inn i kvarandre.

Riksteatrets 473 framsyningar fordeler seg på 18 produksjonar. Dette inkluderer også fire produksjonar som gjestespelte i Nydalen, jamfør ny tellemåte. Talet på produksjonar på turné var 13.

2015 var eit annleis år for Riksteatret. Repertoaret vart planlagt av avtroppande teatersjef Ellen Horn for våren, og ny teatersjef Tom Remlov for hausten. Totalt inneheld repertoaret likevel eit breitt og samansett tilbod i alle sjangrar.

Året tok til med *Natten er dagens mor* av Lars Norén, i samarbeid med Nationaltheatret. Dette var òg ei avskilsframsyning for Ellen Horn som medverka i ei av rollene. Kjersti Horn sette i scene den no klassiske nordiske familietragedien, og publikum fekk ei sterk fysisk og psykisk oppleving av korleis ein familie går til grunne. Framsyninga fekk mykje merksemd, og spelte ein periode på Nationaltheatret før og etter turné. Den vart Hedda-nominert i fleire kategoriar. Ellen Horn nytta høvet til å takke publikum og arrangørar langs turnéruta.

Det djupe alvor og svartsynet vart kompensert med mykje humor av Bjarte Hjelmeland og hans *Gu kor gøy!*. Framsyninga var ein innkjøpt produksjon, og besøkte små spelestader i Nord- og Vest-Noreg. Med den særmerkte scenesjarmen hans og med to framifrå musikarar kom heile Hjelmeland sitt karakterunivers, frå Siv Jensen-parodi til gamle sjøkapteinar latterpåkallande fram til publikum.

Personleg moral og presseetikk var tema i eigenproduksjonen *Komplottet* av Joe Penhall, med Kåre Conradi i hovudrolla, som ei fallert og etter kvart rundlurt stjerne. Dei etiske dimensjonane knytt til pressa sitt ansvar og korleis offentlegheita ter seg i eit moderne mediestyrt samfunn, engasjerte til debatt etter framsyninga. Med ein relativt ukjent tittel og opphavsmann, er ei framsyning som *Komplottet* heilt avhengig av merksemda rundt skodespelarane. Vi ser at det ikkje alltid er hovudstadsstatusen som slår gjennom hos publikum rundt i landet, men at mange andre faktorar skal til for å fange publikum. Produksjonen *Mugg* vart først vist for fleire år sidan, men gjekk ut på ein ekstra turné våren 2015. Marit Tusviks bittersøte komedie har vore spelt på små scener og på dagtid for å teste ulike format. Denne gongen spelte *Mugg* på kveldstid i store salar. Riksteatrets eiga Marit Østbye ber den eine hovudrolla.

For born og unge baud våren på mykje. Danseproduksjonen *Juryen* var ei innkjøpt framsyning for barn. Her har ungane sjølve tatt styringa over den kunstnarlege utforminga, i ei ny spanande form. Det viste seg krevjande å formidle til publikum at dette var materiale som høvde for dei yngste, sjølv om det var dans.

Vårens signaturproduksjon var *Peer, du lyver!*, ein urpremiere fritt basert på Ibsens Peer Gynt. I både form og innhald tok regissør Jacob Höglund og dramatikar Toril Solvang tak i tiåringen Peer si verd og fortalde ei sterk historie, med musikk, dans og slåande verkemiddel. Framsyninga vart løna med ein Hedda-nominasjon, og kunstnarleg var den eit godt døme på nyskapande og fengande barneteater. Dessverre viste det seg vanskeleg å kommunisere til målgruppa, og besøket var skuffande, trass i mykje aktivitet rundt kulturhusa og invitasjon til utvalde skuleklassar undervegs.

For dei aller yngste var det òg ein urpremiere: *Kjell-Aksel rocker*, ein liten figurteaterrockemusikal. Prosjektet var eit samarbeid med Oslo Nye Teater, og utvikla av Riksteatrets mangeårige dokkespelar Christine Stoesen. Stein Winge hadde regi og historia om den vesle sauken som vart skamklipt var sjarmerande. Likevel var *Kjell-Aksel rocker* ei verkeleg utfordring på turné. Småbarnsforeldre opptre

konservativt, og vil vite kva dei får. Dette er eit paradoks når dei same foreldra samstundes etterlyser nytt og moderne materiale.

I sum nådde ingen av vårens produksjonar heilt opp til forventingane med omsyn til publikum og inntekter. Det førte til at hausten måtte tenkast om, ettersom *Kjell-Aksel rocker* var planlagt vidareført på hausten, og det ikkje kunne gjennomførast.

Teatersjef Tom Remlov måtte både gjere tilpassingar i planane langt på overtid, og samstundes syte for å bringe sin eigen første sesong vel i hamn. Henrik Ibsens *Samfunnets støtter* var haustens store satsing. Denne tittelen vert ikkje så ofte spelt, men baud på store moglegheiter for den oppfinnsame og energiske regissøren Peter Langdal. Riksteatret produserte i samarbeid med Nationalteatret ein høgst relevant og livfull Ibsen, og markerte såleis ein tydeleg ambisjon for den nye teatersjefen som tok mottoet *Det beste for dei fleste*. Og Ibsen hadde både høg kvalitet og høg relevans. Turneen med *Samfunnets støtter* dekkja heile landet, og ekstra billetter frå DNB sitt billettfond ga eit ungt publikum. Framsyninga skal delta på Ibsenfestivalen på Nationalteatret hausten 2016.

Eit samarbeid med Den Norske Opera & Ballett (DNOB) var planlagt før Tom Remlov tok til på sin sjefsperiode – naturleg nok, sidan han då var direktør for DNOB – og operaen *Viva la mamma* vart vald og vurdert som eigna for riksteaterturné. Utvalde spelestader med operapublikum og eigne operaforeiningar fekk oppleve ein «opera buffa», med både operaarier og ein god del komikk. *Viva la mamma* vart produsert og synt på DNOB først, før ein relativt kort turné.

For barne- og familiepublikummet eigenproduserte vi *Pinocchio* – ein breitt innretta klassikar sett i scene av Teodor Janson. Tredokka *Pinocchio* vart sjarmerande og ustyrlig i all si ferd, med mykje fin musikk og song undervegs. Riksteatertradisjonen med høg eigenproduksjon i fullskalaformat for born og unge vert vidareført av ny teatersjef, og *Pinocchio* er eit første døme på dette. Framsyninga spelar også våren 2016, slik at alle kulturhusa får oppleve ein kveld for heile familien med klassisk barneteater.

Riksteatrets oppgåve er ikkje berre å eigenprodusere, men også å bringe det beste frå andre teater ut til heile landet. Hausten 2015 inkluderte to fine døme: Helge Jordal og *Førstereis* hadde vore på turné ein del plassar i 2014, og var ønska hos mange fleire. Denne monologen om dekksguten Martin og sjømannslivet hans syner skodespelarkunst på høgt nivå frå ein av teaterets nestorar, og trekte til seg eit uvanleg publikum, nemleg vaksne menn som kjem åleine.

Ei anna stjerne er Are Kalvø, som med sin eigen tekst *KALVØ – ein time av livet ditt du aldri får tilbake* – har bygd ei framsyning over temaet tid og kva vi brukar tida til. I lag med to musikarar leverer Kalvø virtuost eit stykke teater til både latter og ettertanke. Produksjonen var opphavleg produsert av Stand Up Norge og Det Norske Teatret (DNT), og spelte på DNT før turné.

Alle desse prosjekta gjekk som planlagt, og hadde gjennomgåande bra, eller betre besøk enn forventa. Haustens utfordring var likevel dobbel: Korleis skulle vi rette opp det svake besøket frå våren? Og korleis skulle vi handsame inntektstapet som følgde? Etter nøye analyse vart det tatt to grep: *Kjell-Aksel rocker* vart bytta ut med *Karius og Baktus*. Riksteatrets to eigne skodespelarar kunne gå rett over i *Karius og Baktus*, ettersom dei hadde spelt framsyninga før, og både regi og dekorasjon var klar. Turneen let seg relativt enkelt bytte ut, og *Karius og Baktus* spelte mange doble framsyningar og fekk besøkt mange hus. Det førte til eit solid publikum, og medverka til å kompensere for våren. I tillegg vedtok ein å late vere å

sende danseframсыninga *Man / Woman* – to koreografiar i samproduksjon med dansefestivalen CODA – ut på turné. Riksteatret medverka til produksjonen, og framсыningane gjekk på DNOB under festivalen, men altså ikkje på turné. Denne endringa følgde også av at Riksteatret gjennom strategiarbeidet såg at danseoppgåva med no redusert løyving ikkje kunne førast vidare.

Av dei 14 produksjonane i 2015 var ti eigenproduksjonar. Av disse var fem samproduksjonar. I tillegg var det fire innkjøpte produksjonar.

Mål 3. Brei publikumstilslutnad

Mål 4. Aktiv samarbeidspartnar i scenekunstheltet

MÅL 3: Bred publikumsoppslutning og god kunnskap om publikum			
#	Styringsparameter	Resultatmål	Resultat
SP1	Antall publikummere	95 000 - 100 000	101 063
SP2	Antall publikummere på turné	92 000	91 174
SP4	Antall barn og unge i publikum	30 000	43 854
SP5	Setebelegg (i pst.)	52%	50.8%
SP6	Omtale av arbeidet med publikumsutvikling		

MÅL 4: Aktiv samarbeidspartnar i scenekunstheltet			
#	Styringsparameter	Resultatmål	Resultat
SP1	Antall arrangørkonferanser	2	2
SP3	Omtale av arbeidet med arrangørutvikling		
SP4	Omtale av kunstnerisk samarbeid med institusjoner og grupper i scenekunstheltet		

Scenestatistikken på side 8 syner Riksteatrets framсыningar og publikum i 2015. Totalt er eige publikum ca. 6000 lågare enn i 2014. Årsaka er at vårrepertoaret hadde ualminneleg låg publikumstilslutnad. Med to urpremierar for born og unge, og svakare interesse enn forventa for dei andre titlane, vart våren eit av dei svakaste halvåra nokonsinne. Dette førte til omlegginga av repertoaret for hausten som omtala over.

Hausten var til gjengjeld tilsvarande sterk, og totalt oppnådde vi eit publikumsbesøk på nivå med målet. Samla riksteaterpublikum var på 101 063. Talet på framсыningar i 2015 vart 473, mot 491 i 2014. Dette talet inkluderer gjestespel, totalt 33 framсыningar i Nydalen. I tillegg synte samarbeidsteatra våre dei felles produksjonane på egne scener, med i alt 86 framсыningar som vart sett av 24 508 publikummarar. Når ein reiknar saman alt publikum som Riksteatret medverka til på både egne scener og scena til samprodusentane, vert såleis totaltalet 125 571 publikummarar, og 559 framсыningar. Merk at samproduksjonane *Kjell-Aksel rocker* og *Samfunnets støtter* ikkje vert synt hos samprodusentane før i 2016, og derfor er ikkje dei besøkstala inkludert.

På turné hadde vi 91 174 besøk, mot 97 011 i 2014. Avviket har same forklaring som over, men Riksteatret held posisjonen som heile landets teater. Våren 2015 var eit klart unntak frå ein hovudtrend med høgt besøk og eit breitt samansett publikum. Publikum og arrangørar melder at dei er trygge på å få høg kvalitet, god sjangerbreidde og variasjon i tilbodet frå Riksteatret.

Riksteatret må gjere ein særleg innsats for å nå publikum. Med berre éin speledag på kvar stad må merksemda for kvar framsyning vere høg. Det krev eit omfattande marknadsføringsarbeid, både frå oss og frå arrangørane. Publikum vert rekruttert i stadig større grad gjennom sosiale medium og via digitale kanalar. Fleire og fleire kjøper billett på nett, og alle arrangørane tilbyr no elektronisk billett. Ein viktig kanal for marknadsføring er nyheitsbrev til Riksteatret sine kundar, tilpassa spelemønsteret på kvar enkelt stad. Vi kommuniserer i dag til ca. 40 000 abonnentar.

Ubetalt merksemd er sentralt i kommunikasjonen frå Riksteatret til publikum, og vi har god mediedekning både nasjonalt og lokalt. I 2015 hadde vi 4241 medieoppslag ifølge medieovervåkingsbyrået Retriever, med eit gjennomsnittleg lesar-/sjåartal per oppslag på 82 400, ein auke på 13% frå føregående år.

I mars 2015 gjennomførte Riksteatret ei publikumsundersøking. Deltakarane var dei dåverande 35 000 mottakarane av nyheitsbrevet. 10% av dei gjennomførte undersøkinga. Nokre hovudfunn frå undersøkinga:

- Den typiske Riksteatret-publikummar er ei kvinne i 50-åra, tilsett i det offentlege, med høg utdanning. Det generelle kulturkonsumet er høgt.
- Dei viktigaste årsakene for val av teater er underholdingsverdien, det unike, det visuelle og ein hyggeleg kveld saman med vener, familie og kjente.
- For val av eit spesifikt teaterstykk er kjente titlar, kjente skodespelarar, kritikkar, billettpris og det visuelle uttrykket viktigast.
- Kjennskap til Riksteatrets produksjonar får dei frå riksdekkande media, nyheitsbrev, lokale medium, programbrosjyrer og vener og kjente.

Innsikta frå denne undersøkinga vart lagt til grunn for vidare jobbing med publikumsutvikling.

Coop

Riksteatret inngjekk våren 2015 ein samarbeidsavtale med Coop, der Riksteatret er med som tilbod i Coops program for medlemmar. Dette gir Riksteatret moglegheit til å kommunisere direkte til 1,4 mill. medlemmar over heile landet, og vi vert synlege i Coops medlemsmagasin, medlemsbrev som går adressert heim til ca. 800 000, og i Coops nyheitsbrev. Riksteatret som Coop-tilbod til medlemmane har blitt godt motteke, og vi trur samarbeidet har medverka positivt til dei gode salstala på hausten. Ca. 25% av billettane på hausten vart kjøpt av Coops medlemmar. Samarbeidet held fram i 2016.

Riksteatret sine arrangørar

I 2015 spelte vi på 71 faste spelestader, etter det mønsteret som har vore gyldig sidan forrige strategiomlegging. Kvar stad fekk besøk minst fire gongar, og målet har vore eit allsidig repertoar i kvart hus. Riksteatret spelar i alle fylke (sjå eigen fylkesstatistikk i vedlegg 2). Kvar arrangør har avtale med Riksteatret, og vi har tett kontakt med kvar einskild av dei gjennom heile året.

For at Riksteatret skal lukkast i formidlinga er vi avhengige av arrangøren og det lokale engasjementet. Den minste kommunen der vi spelar, Seljord, har 3000 innbyggjarar, den største er Kristiansand med 84 000. Desse store variasjonane i publikumsgrunnlaget, og ulik ressurstilgang, set sitt preg på publikumsarbeidet.

Riksteatrets setebelegg var i 2015 50,8%, mot målet på 52%. Kapasiteten i husa der vi spelar, er ikkje proporsjonal med folketalet på staden, til dømes bur det 20 000 menneske i Harstad, medan huset har

1000 sete. Vi er difor godt nøgd med over 50% av kapasitet, men har sjølvstamt ambisjonar om å auke dette. Den svake våren dreg ned talet, hausten isolert syner eit mykje høgare nivå.

Forankringa til Riksteatret på spelestaden knyt seg ikkje berre til arrangøren. Vi søker også å ha tette band til lokale foreiningar, bibliotek, skule, kulturskule og dei lokale styresmaktene. På kvar premiere held vi dialogmøte for å utvikle kontaktflata lokalt, og får mykje kunnskap attende.

To gongar om året kjem arrangørane til Nydalen på arrangørseminar. Desse samlingane er viktige nettverksmøte, og gir moglegheit for fagleg påfyll. Opplæring og deling av ulike røynsler finn også stad på samlingane. Som eit tiltak for auka kompetanse og tettare band mellom arrangørane og Riksteatret, vart det hausten 2015 lyst ut ei ny hospitantordning. Tilbodet gjekk til alle arrangørane om å kome til Nydalen til ei avdeling etter eige val , i inntil to veker som hospitant. Riksteatret dekkjer reise og opphald for inntil kr 10 000,-. Tilbodet vart godt teke imot, og dei fyrste fem kjem i april 2016.

Til arbeidet med arrangørane høyrer også det praktiske , og hausten 2015 gjorde vi ei stor forenkling med automatiserte oppgjer og enklare økonomisk modell som gjeld frå 2016.

Samansetnaden av hus og fordelinga mellom fylke er til fast halvårleg vurdering, og vi går grundig gjennom alle nye søknader.

Riksteatret handsamar, etter oppdrag frå KUD, aktuelle kulturbyggesaker. I disse sakene er vi fagleg sakkyndige, og vurderingane går til KUD for vedtak der.

I den nye arrangørstrategien som gjeld frå 2016 legg vi om slik at kvar arrangør i større grad er med på å påverke korleis spelemønsteret på deira hus skal vere. Det inneber at vi ikkje avtaler å kome eit fast tal gongar slik som i dag, men i større grad slik repertoaret passar. Likevel vil vi freiste å vere minimum eit par-tre gongar på kvar stad per år, elles vert kontinuiteten for dårleg. Målet er òg å auke talet på spelestader, av di det vert bygt mange nye hus. Nokre av dei ligg i små kommunar med lang reiseavstand, og då er særleg tilbod til born kjærkome. I 2016 kjem Flekkefjord og Sandnessjøen inn som nye spelestader. For omtale av samarbeid om produksjon, sjå repertoaromtalen under mål 1 og 2.

Opplev meir 2015

I 2015 vidareførte Riksteatret publikumstiltaket *Opplev meir*; ein tilleggsaktivitet på kulturhuset i samband med framsyninga. Målet er å inngå ein tettare dialog med publikum. Born over heile Noreg hadde moglegheit til å steike pinnebrød og ta del i ein natursti med spørsmål relaterte til Peer Gynt (*Peer, du lyver!*), til å lære å lage si eiga dokke (*Kjell-Aksel rocker*), og til å møte favorittkarakteren frå Pinocchio-eventyret i foajeen etter framsyninga.

Vi held fram med å overføre Riksteatrets fagkompetanse til lokalmiljøet. Under turneen *Viva la mamma* var det tilbod om både workshop og meisterklassar med songarane frå DNOB. Fleire lokale operaforeiningar, kor og musikklinjeelevar takka ja til tilbodet. Dansarane frå *Juryen* heldt danseworkshops. Fleire grupper har også hatt møte og workshops med skodesparane og turnéteknikarane i forkant eller etterkant av dei andre framsyningane.

Riksteatret ser på *Opplev meir* også som eit høve til samarbeid med andre organisasjonar, til dømes samarbeidde vi med Hvalfangstmuseet i Sandefjord og laga ein vandreversjon av utstillinga Førstereis. Utstillinga er ei samling bilete og tekst frå tidlegare sjøfolk som fortel om si første reise til sjøs. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar frå rørte sjøfolk og mange blant publikum som hadde sjøfolk i familien.

Lokale redaktører og journalistar frå Norsk redaktørforening og Norsk journalistlag, organiserte debattar med publikum etter framsyningane av *Komplottet*. Lokale frivillige frå Den Norske Turistforening sto for tiltaka på *Peer, du lyver!*. Til *Samfunnets støtter* hadde utvalde bibliotek foredrag, og tankesmia Civita arrangerte debatt om «Kven er samfunnets støtter i dag?». Totalt deltok 27 264 på dei ulike arrangementa.

Born og unge

Målgruppa born og unge var høgt prioritert i 2015, med i alt fem produksjonar, to av dei urframføringar.

Totalt publikum i denne gruppa var 50 212, dvs. over 50 % av totalbesøket.

Vår sponsor DNB har stilt eit billettfond til disposisjon for skulane, og etter søknad deler vi ut billetter til elevar i vidaregåande skular. Det har vore stor vekst i søknadsbunken kvart år vi har hatt denne ordninga, og DNB auka sjenerøst den årlege kvoten til 5500 billetter i 2015. I tillegg gjorde dei ei ekstratildeling til *Samfunnets støtter*, og ga ei særskilt kvote på 3500 billetter til denne turneen. Totalt betalte DNB for 9000 billetter i 2015, og Riksteatret er takksame for denne gåva til ungdomen.

Vår sponsoravtale med DNB vart fornya for tre år frå 2014, og det gode samarbeidet held fram.

Riksteatret har kontakt med Den kulturelle skulesekken (DKS) i fleire fylke, og DKS kjøper billetter til einskildframsyningar der det er nærleik mellom spelestad og skule. Det er ikkje noko som tyder på at DKS er aukande, og billettfondet til DNB er for både teateret og skulane ein meir effektiv og rimelegare måte å få elevane inn i teateret på.

Ressursbruk

Ressurssituasjonen gjorde 2015 til eit krevjande år. Tildelinga til teateret var kutta frå tidlegare nivå, og ettersom planane for den kunstnarlege aktiviteten var lagt lenge på førehand, kunne ein ikkje berre gjere dei om. Samstundes hadde teateret mange oppgåver og kostnader med å klargjere for bygging og flytting, og med å få på plass nytt lager.

Dette var ikkje nokon god situasjon for den nye teatersjefen å ta til med, og då det også vart naudsynt å endre repertoaret i løpet av året, måtte det arbeidast godt med ressurs- og risikostyringa.

Den samla risikovurderinga for heilskapen viste høgare usikkerheit enn tidlegare, med mange ulike faktorar i spel, også utsikt til låge inntekter i 2015.

Brutto prosjektkostnader (post 21)

	2013	2014	2015
Utgifter direkte knytt til prosjekta	65 145	64 163	60 594
Prosjektutgifter i % av teaterets totalkostnad (brutto)	47 %	46 %	45 %

Teaterets langsiktige mål har vore å auke den kunstnarlege ressursbruken, og redusere andre driftsutgifter. Det høge prosjektnivået frå 2013 og 2014 er i 2015 noko redusert, men dette må ein sjå i samband med at det i 2014 vart betalt ein god del prosjektkostnader for 2015. Slik kontantprinsippet er, vil det vere variasjonar frå eit år til eit anna når det gjeld kor kostnaden endar opp. Repertoarendringane på hausten førte til at det vart éin produksjon mindre på turné, og sjølv om det vart like mange framsyningar som opphavleg planlagd, førte endringa til lågare kostnader. Dette var også naudsynt grunna bortfall av billettinntekter på våren. Hausten starta med eit negativt avvik i inntektene på meir enn 3 millionar, og for å rette på det måtte det kuttast i kostnadene.

Merk at prosjektkostnadene (post 21) syner dei variable, eksterne prosjektkostnadene. Reelle produksjons- og visingskostnader er langt høgare; dei inkluderer fastlønn til dei fast tilsette kunstnarane (fem årsverk), samt teknisk tilsette og andre medarbeidarar som jobbar direkte mot produksjon, samt alt teknisk utstyr. Sjå kakediagram på side 16 for fleire detaljar.

Prosjektkostnadene inkluderer både kostnader til produksjon og til turnégjennomføring. 2014 var eit år med svært høg kunstnarleg aktivitet, og mange menneske på vegen. Justeringa av repertoaret undervegs fekk òg konsekvensar for ressursbruken. Med svært låge inntekter på våren, måtte også kostnadene reduserast. I eit normalår vil Riksteatret gjennomføre turneane med ca. 7000 turnédøgn. Eit turnédøgn = éin person på turné i éin dag. I 2015 hadde vi 7014 turnédøgn, mot 7291 i budsjett for 2016. Trass i dei endringane som var naudsynte på hausten leverte teateret likevel eit omfang aktivitetar som normalt. Dei store prosjekta var samarbeidsprosjekt, og dette medverka til å halde kostnadsbiletet under kontroll og likevel gi publikum eit fullgodt tilbod.

Netto driftskostnader (post 01)


	2013	2014	2015
Netto driftskostnad	71 816	74 827	72 761
Del av totalkostnad	53 %	54 %	55 %

Tabellen syner netto driftskostnader, det vil seie kostnader inklusive NAV-refusjonar, som vil variere med talet på permisjonar og sjukefråvær. Nettotalet gir derfor eit riktigare bilete av samanliknbart kostnadsnivå.

Driftskostnadene for 2015 inkluderer ekstraordinære kostnader til flytting og klargjering av bygg, samt kostnader for nytt amfi i Store sal. Når nivået likevel går ned samanlikna med 2015, har det si forklaring i det reduserte talet på faste årsverk, og ein noko høgare sjukefråværsprosent enn normalt. Det siste er synleggjort ved høgare NAV-refusjon.

Energiprisane har vore låge i heile 2015, og leigekost for tidlegare lager fall bort frå oktober. Vidare vart ikkje lønnsoppgjering for 2015 sett ut i livet, og lønnsauke er derfor ikkje inkludert i tala. Over tid er driftskostnadene senka år for år, og denne trenden held fram i 2016, der budsjettet viser ytterlegare nedgang til 69,0 millionar. Det er resultat av systematisk arbeid med å redusere administrative kostnader og reduksjon av fast tilsette der det er mogleg.

Diagrammet under syner fordeling av driftskostnadene (post 01) på dei ulike avdelingane ved teatret, husleige, drift og øvrige administrative kostnader. 65 % av de faste kostnadene høyrer til avdelingar og medarbeidarar som er direkte knytta til produksjonane, merka med raudt i diagrammet. 14 % er knytt til drift og leige av Gullhaug torg 2, merka med grønt. Resterande 21 % er reine administrative kostnader, merka med blått. Merk at sistnemnde også inkluderer konsulenttenester i samband med flytting og ombygging.



Fasttilsette og årsverk fordelt på funksjon

	2013	2014	2015
Kunstfagleg personale, årsverk	84,7	83,1	76,7
Adm. personale, årsverk	38,7	36,3	33,9
Teknisk personale, årsverk	1	1	1
Samla tal årsverk	124,4	120,4	111,6
Tal fasttilsette	82	81	80

I tabellen er kunstfagleg personale definert etter NTO sin definisjon, dvs. at teaterteknisk personale er inkludert her. Talet på fasttilsette ved teateret er synkende, og denne tendensen held fram i 2016.

Teaterets viktigaste tiltak for betre ressursforvaltning har vore innføringa av produksjonsmodellen vår. Modellen har gitt oss ein tydelegare vedtaksstruktur, og mindre grad av detaljstyring. Den bidrar til at vi føreser problem tidlegare, og har større fleksibilitet til å løyse dei.

Organisasjonsutviklinga skjer løpande. Gjennom både rekruttering og utvikling av eksisterande kompetanse skal vi optimalisere bemanninga i samsvar med oppgåvene. Personalet er den viktigaste ressursen til teateret, og god personaloppfølging er ein nøkkelfaktor i ressursforvaltninga vår.

Fellesverkstad Nationalteatret og Riksteatret

Riksteatret og Nationalteatret etablerte fellesverkstaden på Brobekk hausten 2014, og 2015 var første heile året i drift. Samvirket har hittil gått bra, og alle produksjonane har vore levert til avtalt tid og kvalitet. Likevel er utvikling av ein felles kultur og arbeidsmåte krevjande. Det står att mykje arbeid for å gjere verkstaden til ei moderne verksemd med optimal tids- og ressursstyring. Ny verkstadleiar kom på plass frå 1. januar 2014, men han har alt sagt opp stillinga si. Ny leiar er forventa frå august 2016, men vi har tapt

noko framdrift. Verkstaden er no fullt bygd om til å huse produksjonen for begge teatera, etter eit større byggeprosjekt hausten 2015. Talet på tilsette har justert seg på naturleg vis i samsvar med oppgåvemengda. Totalt inneber det forbetra ressursbruk, og både Nationaltheatret og Riksteatret har lågare kostnader no enn før fellesverkstaden kom til. Målet er framleis å utvikle og profesjonalisere verksemda, innføre ein prosjektstyringsmodell, og legge til rette for auka kapasitetsutnytting. Dette kan òg innebere å ta inn eit større omfang av faste oppdrag for andre scenekunstinstitusjonar. Fleire har meldt si interesse, men før det er mogleg må noverande aktivitet løysast på ein betre og meir koordinert måte. Som eit resultat av omlegginga har Riksteatret også sagt opp sitt tidlegare lager, og skaffa ny avtale på Alnabru. Dette lageret er mindre og billigare enn det gamle, og er såleis ei ressursforbetring.

Fellesverkstaden er eit pionerprosjekt i norsk teater, og vi vonar han skal utvikle seg til ein god modell for auka samvirke på scenekunstfeltet.

Ombygging av Gullhaug torg og samarbeid med Rikskonsertane

I august 2015 vart ny leigeavtale for lokala på Gullhaug torg 2b underteikna mellom Kulturdepartementet og Storebrand. Den nye avtalen er for perioden 2018-2033, med ein mellombels tilleggsavtale for 2017. Avtalen er basert på vedtekne planar for ombygging av huset, og sjølv byggearbeidet tok til frå 1. februar 2016. I perioden frå februar t.o.m. desember vil dei to organisasjonane halde til i mellombelse lokale lengre oppe i Nydalen. Frå august 2016 skal produksjonen vere attende på Gullhaug torg, og prøvetid og premierar vert ikkje forstyrra av ombygginga.

Auka samvirke med Rikskonsertane og betre arbeidsflyt i bygget har vore viktige mål i prosessen med å utforme endringane i bygget. Dette inneber ei rekke løysingar: felles resepsjon, felles vaktmeister, felles telefon og IT-driftsløysing, felles møterom og felles bruk av studio, salar og prøverom i huset. Ettersom Rikskonsertane frå hausten 2015 fekk vedtak om å stille om verksemda til ny etat for Den kulturelle skulesekken, vart arbeidet med samvirkeplanane intensiverte, og ein god del av tiltaka er alt sett i verk vinteren 2016.

Arbeidet med å utforme det nye huset har vore gjort i prosjektgrupper i ein inkluderande prosess. Ein innleigd prosjektleiar med særskilt kjennskap til flytting og ombygging, har saman med ein intern koordinator styrt prosessen. Vi er godt nøgde med den brukarnære utforminga av løysingane, både for mellombels og permanent drift. Statsbygg og ekstern fagkompetanse har sikra tryggleik for gjennomføring og redusert risiko for meirkost og andre avvik.

Eit viktig tiltak for å ta ned risiko, var framskunding av bygginga av nytt publikumsamfi i Store sal. Dette prosjektet har heile tida vore eit sjølvstendig tiltak i byggjeprojektet, og det blei tidleg klart at det var mange føremoner med iverksetting sommaren 2015. Så vart gjort, og i august 2015 stod nytt amfi klart til bruk. I tillegg til auka bruksverdi for publikum og kunstnarane, gir amfiet ny lagerplass under sjølv tribunene. At dette viktige arbeidet i Store sal no er avslutta gir større ro for at tidsfristane held for resterande arbeid, og at produksjonen kjem attende til Gullhaug torg i riktig tid.

Utleige, gjestespel og eksterne oppdrag

Ein av teaterets viktigaste ressursar i Nydalen er spele- og prøveromma våre, som er ein mangelvare i scenekunstheltet. Målet er høg «oppetid», og vi ønskjer å leige ut/låne ut huset i så stor grad som mogleg. I 2015 hadde vi i alt fire gjestespel, med mellom anna Nationaltheatret i ein lengre periode våren 2015. I tillegg lånte vi ut salane til prøver for kompaniet winter guests og til Rikskonsertane.

Grunna både ny verkstadeløysing og flytting av lager i 2015, var ikkje mengda eksterne oppdrag like stor som tidlegare. Men til gjengjeld fikk vi selt mykje gamalt utstyr i samband med rydding før flyttinga tok til. Totalt hadde vi kr 682 748 i inntekter frå utleige av salane våre og sal av tenester og utstyr.

DEL IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Teateret har utvikla ein ny strategisk plan for perioden 2016-2020, etter ein lang og grundig prosess. Til grunn for den nye planen ligg teaterets situasjon med lågare løyving, og naudsynt innstramming som følgjer av dette. Grundig scenariotenking og mykje analysearbeid vart gjort før endringane blei vedtekne. I hovudtrekk inneber ny strategi å kutte i talet på produksjonar og oppretthalde talet på framsyningar og publikum. Det er også utvikla ny arrangørstrategi, sjå omtale over.

Både verksemdsstrategi og arrangørstrategi vart vedtekne på styremøte i november 2015.

Verksemdplanane med tiltak for 2015 var klare sist i januar, og ved gjennomgang av plan frå førre år kunne vi konstatere at ein stor del av dei planlagde aktivitetane var gjennomførte, eller er under gjennomføring.

Internkontroll og risikostyring

Riksteatrets internkontroll finn stad på mange ulike nivå. Som ein del av prosjektstyringa er det månadleg avvikskontroll, med oppfølging av alle avdelingar og prosjekt. Dette gir oss løpande informasjon om utviklinga i både avdelingar og prosjekt, og gjer det mogleg å føresjå og førebygge risiko.

Riksteatret har fullserviceavtale med Direktoratet for økonomistyring for lønns- og rekneskapstenester. DFØ utviklar SAP og Agresso vidare med ny funksjonalitet, og tidleg i 2016 vil vi ta i bruk Basware, som er det nye fakturasystemet vårt. E-handel vert også innfasa i samband med innføring av Basware. E-handel inneber førehandsgodkjenning og -kontering av innkjøp. Dette set strengare rammer, med moglegheit til å stoppe unødige innkjøp. Systemet er også forbetring av internkontrollen, sidan det gir innsikt i heile prosessen frå tinging fram til ferdig vare levert.

Produksjonsstyringsmodellen til Riksteatret fekk i 2015 endeleg sitt eige prosjektstyringsverktøy, *Riksplanen*, på plass. Det inneber at heile verdikjeda frå start til endt turne ligg i eitt system, med all informasjon tilgjengeleg. Alle metadata vert lagt inn berre éin gong, og ein kan kople seg på systemet både internt og eksternt. *Riksplanen* har òg ein funksjonalitet som handsamar alt det praktiske med turné, arrangørar, deltakarar, hotell mv.

Riksplanen tener òg ei viktig rolle i risikostyringa: Kvar prosjekt vert følgt opp direkte, og ein overvakar heilskapen gjennom porteføljestylinga. I grunnen for porteføljestylinga ligg usikkerheitskartet kvar produksjon har, og syner risikoeksponeringa mot t.d. ressursituasjonen. På grunnlag av dette kan vi sette i gang risikoreduserande tiltak. Til modellen høyrer også eit evalueringssystem, og etter avslutta evaluering identifiserer vi læringspunkt til vidare oppfølging.

Riksteatret gjennomfører i tillegg ein årleg overordna risikoanalyse. Han er grunnlag for tiltak på allment nivå, og heng tett saman med verksemdsplanane.

Riksteatret har eigne etiske reglar, og eigne reglar for privat arbeid. Det siste er naudsynt på en arbeidsplass med dyktige fagfolk som også er etterspurde i fritida si.

I 2015 har vi fokusert særskilt på AKAN-arbeidet, med interne workshops, dilemmatrening og medvitstrening. Riksteatret skal både handheve krava til arbeidtakarane, og ta vare på dei som får utfordringar.

Teateret har eigne varslingsrutinar som er kommuniserte til heile organisasjonen.

Sjukefråvær

Riksteatret er ei IA-bedrift, og hovudmålsettinga vår er:

- Å få sjukefråværet permanent under 5 %
- Å få eldre arbeidstakarar til å stå lenger i jobb
- Oppfølging, tilrettelegging og rekruttering av personar med redusert funksjonsevne

Teateret jobba vidare med planen i 2015. Vi hadde i 2015 nokre tilfelle av langtidssjukmelde, og sjukefråværet for heile året vart 5,3%, mot 3,4 % i 2014, 2,9 % i 2013 og 3,9 % i 2012. Vi har tett oppfølging av dei sjukmelde. Korttidssjukefråværet har halde seg stabilt på ca. 1% i mange år. Sjølv om fråværet gjekk over 5% i 2015 er vi likevel nøgde med utviklinga over tid, og vi ser ikkje teikn til at talet kjem til å stige vidare i 2016. Sjukefråværet i Riksteatret er under landsgjennomsnittet.

Riksteatret følgjer opp alle arbeidstakarar over 60 år individuelt.

Ved utgangen av 2015 hadde teateret 14 (18 %) fast tilsette i denne aldersgruppa. På eit turnéteater er det utfordrande å tilpasse oppgåver til medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Vi er derfor glade for å ha klart å leggje til rette på turné for ein lydteknikar med nedsett funksjonsevne.

Forhold departementet har bedt Riksteatret om særskilt rapportering på

Beredskap og sikkerheit

Riksteatret har gjennomført eit større arbeid med beredskap som tok til i 2014. Vi har ein beredskapsplan, med eit tilhøyrande planverk og tiltakskort. Eit beredskapsteam har hovudansvar for arbeidet. I vår ROS-analyse er følgjande risikoområde identifiserte:

1. Transport, det vil si transport av personell og materiell på mange og lange strekningar
2. Sikkerheit i sal, det vil si uønskte hendingar før, under og etter framsyning.
3. Sikkerheit på scena, det vil si for teknikarar og skodespelarar før, under og etter framsyning
4. Brann

Riksteatret har ikkje bygg av høg symbolverdi, eller andre innrettingar som krev objektsikring. Vi har heller ikkje andre oppgåver som av strategiske eller nasjonale grunnar krev ekstra tiltak. I vår vurdering er punkt 3 det området med høgast sannsynlegheit, og med middels konsekvens. Dei andre tre områda har høg konsekvens, men basert på erfaringar er sannsynlegheita låg.

ROS-analysen låg til grunn for arbeidet til beredskapsteamet, og dei ferdigstilte ein beredskapsplan i 2014. Planen inneheld beredskapskort, og planar for ulike tiltaksområde. Beredskapsplanverket er handsama av styret og vedteke.

Tiltak for opplæring er gjennomført i samband med planen, og vi har hatt fleire øvingar. Det har vore krevjande, men også gitt mykje god læring. Beredskapsteamet trer sammen med jamne mellomrom, og innarbeider nye erfaringar og utviklar planen vidare. Dette inkluderer også korleis vi spreier kompetanse om beredskap til alle som er i arbeid på Riksteatret, inn i deira individuelle arbeidssituasjon. Nye øvingar er planlagde i 2016.

Planarbeidet kom òg til nytte for Rikskonsertane, som har ein liknande driftssituasjon, og kunne løyse arbeidet sitt med utgangspunkt i vår plan. Ein medarbeidar i Riksteatret med spesialkunnskap vart stilt til deira disposisjon i arbeidet.

Tidstjuvar

Riksteatret har arbeidd med å identifisere tidstjuvar i verksemda, og har rapportert til den statlege portalen, jamfør krav i Tildelingsbrevet.

Ein tidstjuv innanfor eiga verksemd er avskaffa i 2015: Mangel på prosjektstyringsverktøy har vore ei kjelde til meirarbeid. Dette verktøyet, *Rikspanen*, kom på plass sommaren 2015, og er no i full bruk.

Det har òg konsekvensar for arrangørane, som no har fått ein forenkla rutine mot Riksteatret. Sjå omtale over.

Likestilling

Riksteatret har søkt kjønnsmessig balanse i alle avdelingane. Øvste leiarnivå består av fire kvinner og fire menn (per 31.12.2015). Samla sett har teateret jamn kjønnsfordeling. Det er ein viss kjønnsmessig skilnad i avdelingane. På teknisk side har vi nokre færre kvinner, mens vi på administrativ side har tilsvarende overvekt av kvinner. Vi har arbeida internt for å utvikle mindre kjønnsesifikke arbeidsdelingar innanfor avdelingane, og har fått større innslag av utradisjonelle roller, mellom anna på teknisk avdeling. Det er små lønnskilnader mellom kvinner og menn.

	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling, alle tilsette i %	53,0	47,0	50	50	53,0	47,0
Kjønnsfordeling, heiltidstilsette i %	53,0	47,0	50	50	53,0	47,0
Kjønnsfordeling, deltidstilsette i %	50	50	-	-	50	50
Gjennomsnittslønn i kr 1 000	479'	473'	734'	719'	452'	444'

Kjønnsmessig fordeling innanfor den kunstnariske produksjonen 2015	Kvinner	Menn
Sceneinstruktør	2	10
Dramatikar	3	9
Scenograf	3	9
Hovudroller	6	7
Andre leiande roller	3	4
Musikarar	5	5

Stillingskategoriar fordelt på kjønn for 2015:

2015: 111,6 årsverk (fast tilsette og engasjerte)

Stillingskategori	Årsverk kvinner	Årsverk menn
Teater-/operasjef	0,25	0,75
Ballettsjef	0	0
Adm. leiar	1	0
Kunstnarisk personale	14,6	20,5
Adm. og teknisk personale	40,4	34,1
Sum	56,25	55,35

Miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Ombygginga av Gullhaug torg 2b kjem til å bidra vesentleg til lågare energiforbruk og til betring av utslepp og miljøgift gjennom forbetra teknologi.

Riksteatret transporterer turneane sine primært med buss, og avgrensar bruk av flytransport så langt som mogleg.

Riksteatret vurderer miljøvennlegheita til produkt og leverandørar i anskaffingsprosessane.

DEL V. UTSIKTER FOR FRAMTIDA

Riksteatret fekk ny teatersjef, Tom Remlov, i 2015. Åremålet hans går fram til 01.04.2020.

Riksteatret planlegg langsiktig, og utforminga av repertoar for 2017 er snart avslutta. Teateret vil halde fram med å vise relevant og nyskapande teater for eit stort publikum. Den nye strategien gir eit godt grunnlag for arbeidet vidare. utfordringane er store, og den stramme økonomien set grenser for utviklinga av institusjonen.

Løyvinga er redusert med over 8 millionar over to år, om ein reknar inflasjons- og lønnsjustert, og sjølv med endringane i strategien, vil det vere krevjande å levere eit fullgodt tilbod til eit stort publikum med noverande rammer (Sjå Budsjettsøknad for 2017 med nærare utfylling).

Ombygginga av teateret i 2016, og innflytting ved årsskiftet 2016/2017, vil prege organisasjonen i stor grad framover. Målet er at tilbodet til publikum ikkje skal verte påverka av byggeprosessen, men vi skal legge til rette for betre løysingar i framtida.

Riksteatret planlegg med at oppdraget som heile landets teater vert ført vidare, og går inn i en ny planperiode med stort pågangsmot.

DEL VI. ÅRSREKNESKAP

Reknskapen for 2015 følgjer i vedlegg 3. Kommentaranane nedanfor er relatert til dette vedlegget. Merk at løyvinga til teateret er delt mellom post 01 og 21 f.o.m. 2009, og at fordelinga mellom postane er justert i løpet av året. Riksteatret fører reknskapen i samsvar med kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsreknskapen. I det følgjande er tal frå kontantreknskapen brukt der ikkje anna er oppgitt.

Årsreknskapen er levert i samsvar med Bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsreknskapen for Riksteatret. Årsreknskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. men vi reknar med at revisjonsmeldinga ligg føre i løpet av andre kvartal 2016. Meldinga er unnatt offentlegheit fram til Stortinget har mottatt Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men blir publisert på Riksteatret sine nettsider så snart dokumentet er offentleg.

Netto mindreutgifter i 2015 var 6,9 mill. Vi har søkt Kulturdepartementet om å få overføre heile dette beløpet til 2016-ramma.

Inntekter og refusjonar frå samarbeidspartnarar utgjorde i 2015 totalt 21,6 mill. mot totalt 22,2 mill. i 2014.

Billettinntekter (internreknskapstal):

2011	2012	2013	2014	2015
18,4 mill.	18,7 mill.	19,3 mill.	17,4 mill.	16,7 mill.

Billettinntektene i 2015 var noko lågare enn tidlegare. Dette skuldast i hovudsak svake besøkstal på vårens turnear. Besøkstala på hausten var særst gode, men fordi ein stor del av publikum på hausten var på barneframсыningar, klarte ikkje haustens turnear heilt å vege opp for vårens turnear når det gjeld billettinntekter. Av same grunn vart snittbillettprisen lågare i 2015, 176 kroner, mot 186 kroner i 2014 og 170 kroner i 2013.

Over tid har det vist seg vanskeleg å oppnå stabil utvikling av snittprisen, og vi arbeider derfor med ulike justeringar som kan bidra til at vi held følgje med konsumprisindeksen.

Refusjon frå trygdeforvaltinga på post 032401 utgjorde 2,516 mill. Av dette var 477' foreldrepenge- og arbeidsmarknadstiltaksrefusjon.

Driftsutgiftene utgjorde totalt brutto 133,4 mill., mot total bruttoløyving på post 01 og post 21 på 141,8 mill. Riksteatrets kapitalreserve per 31.12.14 var 9,2 mill., mot tidlegare 10 mill. Vi visste at det ikkje ville vere realistisk å bygge reserven opp igjen til 10 millionar i 2015, gitt kutta i løyvingane våre. Kapitalreserven er etter 31.12.2015 på 6,9 mill. I 2016 har vi budsjettert med å vere attende på nivå som for 2014 ved utgangen av året.

Målet er å auke kapitalreserven til ti millionar igjen, men sidan løyvinga til Riksteatret er blitt vidare redusert for 2016, blir dette svært krevjande å få til, med mindre vi får ekstraordinære inntekter.

Teateret har i 2015 rapportert til både styret og til KUD i samsvar med krava som er pålagt i tildelingsbrevet. Sjå ytterlegare forklaring under ressursbruk.



Tom Remlov
Riksteatersjef

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Riksteatret er utarbeidd og levert etter nærmare retningslinjer gitt i Bestemmelser om økonomistyring i staten («bestemmelsene»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, nærmare retningslinjer i Finansdepartementets rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – Grunnleggende prinsipper for årsregnskap:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja “Netto rapportert til løyvingsrekneskapen” er lik i begge oppstillingane.

Årsrekneskapen for Riksteatret gir eit dekkande bilete av teateret sine disponible løyvingar og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigendelar og gjeld.

Riksteatret er tilknytta Statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i bestemmelsene pkt. 3.8.1. Riksteatret er ei bruttobudsjettert verksemd og vert ikkje tilført likviditet gjennom året, men har rett til å trekke på teateret sin konsernkonto. Ved årsslutt vert saldoen på den enkelte oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar Riksteatret står oppført med i kapitalrekneskapen.

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Riksteatret har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som Riksteatret har fullmakt til å disponere.

Kolonna samla tildeling viser kva Riksteatret har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev av 02.02.15, samt i brev med endeleg tildelt budsjetttramme for 2015 av 06.03.15, for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigendelar og plikter Riksteatret står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigendelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Riksteatret har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Riksteatret har trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Noregs Bank. Løyvingane skal ikkje førast som inntekt og viser derfor ikkje som inntekt i oppstillinga.

Publikumsstatistikk for 2013 og 2014

Scenestatistikk		2013
1.1.1	Totalt antall forestillinger	455
1.1.2	Antall forestillinger på egen scene/fast arena	455
1.1.3	Antall forestillinger på turné i Norge	437
1.1.4	Antall forestillinger i utlandet	0
1.1.5	Antall mottatte gjestespill	0
1.1.6	Antall transmisjoner	0
1.1.7	Antall forestillinger formidlet gjennom den kulturelle skolesekken - grunnskolen	0
1.1.8	Antall forestillinger formidlet gjennom den kulturelle skolesekken - videregående skole	16
2.1		
2.1.1	Totalt antall oppsetninger	13
2.1.2	Antall egenproduserte oppsetninger	10
2.1.3	Antall uroppføringer	4
2.1.4	Antall oppsetninger av norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater fra de siste 15 år	6
2.1.5	Antall oppsetninger av utenlandsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater fra de siste 15 år	0
2.1.6	Antall oppsetninger med norsk samtidsdramatikk rettet mot barn og unge	4
2.1.7	Antall oppsetninger av ny norsk koreografi	2
2.1.8	Antall oppsetninger av ny utenlandsk koreografi	0
3.1		
3.1.1	Totalt antall publikum	118 486
3.1.2	Antall publikum på billetterte arr. og spesifisert for antall publikum med fribill. og sponsorbill.	118 586
	Fribilletter	14 811
	Sponsorbilletter	
3.1.3	Antall publikum på egen scene/fast arena	116 957
3.1.4	Antall publikum på turnéforestillinger i Norge	106 191
3.1.5	Antall publikum i utlandet	0
3.1.6	Antall publikum på egenproduserte oppsetninger	91 829
3.1.7	Antall publikum på mottatte gjestespill	0
3.1.8	Antall publikum formidlet gjennom den kulturelle skolesekken - grunnskolen	0
3.1.9	Antall publikum formidlet gjennom den kulturelle skolesekken - videregående skole	1 981
3.2		
3.2.1	Antall oppsetninger rettet mot barn og unge	4
3.2.2	Antall forestillinger rettet mot barn og unge	169
3.2.3	Antall publikum rettet mot barn og unge	47 165
3.3		
3.3.1	Tilbud til særskilte grupper; antall produksjoner - dans	2
3.3.2	Tilbud til særskilte grupper; antall forestillinger - dans	62
3.3.3	Tilbud til særskilte grupper; antall publikum - dans	13 478

Scenestatistikk		2014
Forestillinger		
1.1.1	Totalt antall forestillinger	491
1.1.2	Antall forestillinger på egen scene/fast arena	474
1.1.3	Antall forestillinger på turné i Norge	429
1.1.4	Antall forestillinger i utlandet	0
1.1.5	Antall forestillinger rettet mot barn og unge	186
1.1.6	Antall transmisjoner	0
1.1.8	Antall forestillinger formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken	11
Produksjoner		
2.1.1	Totalt antall produksjoner	20
2.1.2	Antall egne produksjoner	4
2.1.3	Antall samproduksjoner	9
2.1.4	Antall mottatte gjestespill	9
2.1.5	Antall produksjoner rettet mot barn og unge	5
2.1.6	Antall urframføringer	5
2.1.7	Antall produksjoner av norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater skrevet i løpet av de siste 10 år	13
2.1.8	Antall produksjoner av utenlandsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater skrevet i løpet av de siste 10 år	1
2.1.9	Antall produksjoner med norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater rettet mot barn og unge	4
2.1.10	Antall produksjoner av ny norsk koreografi	4
2.1.11	Antall produksjoner av ny utenlandsk koreografi	0
Publikum		
3.1.1	Totalt antall publikum	107 489
3.1.2	Antall publikum på billetterte arrangement	107 489
3.1.2.1	Herav fribilletter	14 323
3.1.2.2	Herav sponsorbilletter	4 837
3.1.3	Antall publikum på egen scene/fast arena	105 394
3.1.4	Antall publikum på turnéforestillinger i Norge	97 011
3.1.5	Antall publikum i utlandet	0
3.1.6	Antall publikum på egenproduserte produksjoner	26 921
3.1.7	Antall publikum på samproduksjoner	115 119
3.1.8	Antall publikum på mottatte gjestespill	11 407
3.1.9	Antall publikum på forestillinger rettet mot barn og unge	43 365
3.1.10	Antall publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken - grunnskolen	0
3.1.11	Antall publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken - videregående skole	909

Fylkesstatistikk 2015

Fylke	Antall forest.	% av tot. forest.	Antall publ.	% av tot. publ.
Akershus	9	2 %	2 817	3 %
Aust-Agder	20	4 %	5 138	5 %
Buskerud	21	4 %	4 237	4 %
Finnmark	17	4 %	3 428	3 %
Hedmark	26	5 %	5 586	6 %
Hordaland	17	4 %	3 189	3 %
Møre og Romsdal	32	7 %	6 447	6 %
Nordland	28	6 %	8 467	8 %
Nord-Trøndelag	28	6 %	6 162	6 %
Oppland	25	5 %	5 473	5 %
Oslo	63	13 %	9 889	10 %
Rogaland	22	5 %	5 096	5 %
Sogn og Fjordane	28	6 %	5 921	6 %
Sør-Trøndelag	28	6 %	5 030	5 %
Telemark	24	5 %	4 183	4 %
Troms	17	4 %	5 275	5 %
Vest-Agder	21	4 %	3 961	4 %
Vestfold	28	6 %	6 693	7 %
Østfold	19	4 %	4 071	4 %
Total	473	100 %	101 063	100 %

Rekneskap for 2015

Verksemd: C1 - Riksteatret

Rapport køyr: 03.02.2016 11:46

Oppstilling av løyingsrapportering, 31.12.2015							
Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2015	Meirutgift (-) og mindreutgift
0324	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A, B	72 578 000	72 761 168	-183 168
0324	Spesielle driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	69 210 000	60 594 314	8 615 686
Sum utgiftsført					141 788 000	133 355 482	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2015	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3324	Div. inntekter	01	Driftsinntekter	A, B	300 000	682 748	382 748
3324	Diverse inntekter	02	Ymse	A, B	22 829 000	20 900 310	-1 928 690
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse			145 339	
5700	Arb.gjevaravgift	72	Arbeidsgjevaravgift			8 136 979	
Sum inntektsført					23 129 000	29 865 376	
Netto rapportert til løyingsrekneskapen						103 490 106	
Kapitalkontoar							
60047801	Noregs Bank KK /innbetalingar					19 641 942	
60047802	Noregs Bank KK/utbetalingar					-123 052 874	
703804	Endring i mellomverande med statskassen					-79 174	
Sum rapportert						0	
Behaldninger rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)							
Konto	Tekst				2015	2014	Endring
6260	Aksjar				0	0	0
703804	Mellomverande med statskassen				-2 684 639	-2 605 465	-79 174

* Samla tildeling skal ikkje verte redusert med eventuelle avgitte belastingsfullmakter. Sjå note B for nærmare forklaring.

Verksemd: C1 - Riksteatret

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
032401	2 462 000	70 116 000	72 578 000
032421	6 741 000	62 469 000	69 210 000
332401		-300 000	-300 000
332402		-22 829 000	-22 829 000

Note B Fordeling til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastings- fullmakter (-)	Meirutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter(-) iht meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp utrekna av verksemda
032401		199 580		199 580				199 580	[5% av årets tildeling i note A.]	199 580
032421		8 615 686		8 615 686				8 615 686		8 615 686
332402				0	-1 928 690			-1 928 690		-1 928 690
xxxx45				0				0		0
xxxx70				0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
xxxx75				0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		

*Maksimalt beløp som ein kan overføre er 5% av årets løyving på driftspostane 01-23, umiddelt post 24 eller sum av dei siste to års løyving for postar med stikkordet "kan overføres". Sjå rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Riksteatret har verken fått eller gitt budsjettfullmakter i 2015.

Oppstilling av artskontorrapporteringa, 31.12.2015

	Note	2015	2014
Driftsinntekter rapportert til løyingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger fra tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	19 772 235	20 916 971
Andre innbetalningar	1	1 810 823	1 304 214
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		21 583 058	22 221 185
Driftsutgifter rapportert til løyingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	68 180 410	69 762 148
Andre utbetalningar til drift	3	58 810 686	66 541 526
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		126 991 096	136 303 673
Netto rapporterte driftsutgifter		105 408 038	114 082 488
Investerings- og finansinntekter rapportert til løyingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til løyingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	6 347 704	2 703 743
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	16 681	14 785
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		6 364 386	2 718 527
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		6 364 386	2 718 527
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyrer m,m,	6	4 291	0
<i>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		4 291	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		141 048	137 961
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		8 136 979	8 272 728
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		0	0
<i>Sum rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		8 278 027	8 410 689
Netto rapportert til løyingsrekneskapen		103 490 106	108 390 327
Oversikt over mellomverande med statskassen **			
Eigendelar og gjeld		2015	2014
Fordringar		167 265	240 603
Kasse		58 454	30 780
Bankkontoar med statlege midlar utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-2 922 025	-2 888 396
Skyldige offentlege avgifter		-146	-844
Anna gjeld		11 813	12 392
Sum mellomverande med statskassen	8	-2 684 639	-2 605 465

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapittel vert spesifisert på egne linjer ved behov.

Kontrollsum:

103 490 106

103 490 106

0

Differanse

Kommentar: I årsrekneskapen for 2014 var Utbetalinger til lønn i 2014 ført brutto med 71 386 772 og Nav-refusjon kreditert med 1 624 624. I denne årsrekneskapen er nettobeløpet ført, altså 69 762 148.

I årsrekneskapen for 2014 var Utbetaling til investeringar (2 703 743) og Utbetaling av finansutgifter (14 785) for 2014 ført under Utgifter rapportert til løyvingsrekneskapen. I denne årsrekneskapen er desse tala skilt ut og ført under Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen. Netto rapportert til løyvingsrekneskapen er likt for 2014 i begge årsrekneskapane (108 390 327).

Note 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Byggesaksgebyr	0	0
Tilsynsavgift elsikkerhet	0	0
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
Sum innbetalinger frå gebyr	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskot og overføringar</i>		
Sum innbetalinger fra tilskot og overføringar	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Inntekter fra oppdragsvirksomhet, avgiftspliktig	456 002	389 577
Salgsinntekt forestillingseffekter, avgiftsfri	0	40 410
Salgsinntekt forestillingsprogram m.v., utenfor avgiftsområdet	146 220	41 390
Billettinntekter, utenfor avgiftsområdet	19 065 013	20 433 594
Leieinntekt fast eiendom, unntatt avgiftsplikt	105 000	4 000
Leieinntekt andre varige driftsmidler, avgiftspliktig	0	8 000
Sum sals- og leigeinnbetalinger	19 772 235	20 916 971
<i>Andre innbetalinger</i>		
Salg av brukt utstyr, avgiftsfritt	530 500	102 705
Refusjon fra samarbeidspartner, utenfor avgiftsområdet	1 280 323	1 201 509
Sum andre innbetalinger	1 810 823	1 304 214
Sum innbetalinger fra drift	21 583 058	22 221 185

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2015	31.12.2014
Lønn	58 553 446	58 894 031
Arbeidsgjevaravgift	8 136 979	8 272 728
Pensjonsutgifter*	0	0
Sjukepengar og andre refusjonar(-)	-2 516 100	-1 624 624
Andre ytingar	4 006 085	4 220 013
Sum utbetalinger til lønn	68 180 410	69 762 148
<i>* Denne linja vert brukt av verksemdar som innbetalar pensjonspremie til SPK.</i>		
Tal årsverk:	111,6	120,4

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2015	31.12.2014
Husleige	6 857 017	9 001 744
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	1 247 306	1 055 325
Andre utgifter til drift av eigendom og lokale	3 128 908	3 772 715
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	192 402	148 367
Mindre utstysanskaffingar	3 319 358	2 855 918
Leige av maskiner, inventar og liknande	1 415 248	1 685 516
Kjøp av framande tenester	7 604 176	9 421 954
Reiser og diett	22 033 192	23 519 559
Andre driftsutgifter	13 013 079	15 080 428
Sum andre utbetalinger til drift	58 810 686	66 541 526

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annan finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	16 681	14 785
Valutatap	0	0
Annan finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	16 681	14 785

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eigendeler og liknande	45 772	53 075
Tomter, bygningar og annan fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffingar	0	0
Infrastruktureigendelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	843 185	2 505 337
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	5 458 748	145 331
Sum utbetalt til investeringar	6 347 704	2 703 743

Note 6 Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten

	31.12.2015	31.12.2014
Tilfeldige og andre inntekter (kto. 5309 29 i statens kontoplan)	4 291	0
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten	4 291	0

Note 7 Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten

	31.12.2015	31.12.2014
Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten	0	0

Note 8 Samanhang mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

	31.12.2015	31.12.2015	Skilnad
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassen	
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i aksjar og andelar*	0	0	0
Obligasjoner	0		
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringar	928 152	0	928 152
Andre fordringar	122 401	167 265	-44 864
Bankinnskott, kontantar og liknande	58 454	58 454	0
Sum	1 109 007	225 719	883 288
Langsiktig gjeld			
Annan langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	0	0	0
Skyldig skattetrekk	-2 922 025	-2 922 025	0
Skyldige offentlege avgifter	-146	-146	0
Annan kortsiktig gjeld	11 813	11 813	0
Sum	-2 910 358	-2 910 358	0
Sum	-1 801 351	-2 684 639	883 288

* Verksemdar som eig finansielle anleggsmidlar i form av investeringar i aksjar og selskapsandelar fyller også ut note 8 B

Del B Spesifisering av investeringar i aksjar og selskapsandelar

	Ervervesdato	Antall aksjer	Eigarandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført eigenkapital i selskapet	Balanseført verdi i rekneskap*
Aksjar							
Selskap 1							
Selskap 2							
Balanseført verdi 31.12.2015							0

* Investeringar i aksjar er bokført til anskaffingskost. Balanseført verdi er den same i både verksemda sin kontospesifikasjon og kapitalrekneskapen.